

# Styremøte 5-2014- REFERAT

**Måndag 27. oktober 2014**

Desse møtte: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Jan Lundebrekke, Inge Bakke

## Sak 1: Unytta plass

Plass B23 har lagt tom i lengre tid. Vedtektene setter ei grense på 2 år for dette.

**Vedtak:** Brev (e-post) til plasseigar med informasjon om vedtektene og oppmoding om å rette på tilhøvet.

## Sak 2: Utsetting av flytebryggene som ligg på land

Styret drøfta om ein skulle førebu ei sak til årsmøtet. Men etter nærare vurdering kom ein fram til at det ikkje synest å vere rekningsvarande å nytte desse bryggene på grunn av plasstilhøva.

**Vedtak:** Det vert ikkje lagt fram sak til årsmøtet.

## Sak 3: Kameraovervåking.

Tre kamera er installert og viser klare og gode bilete. Men opptak er ikkje igangsett enno. Her ventar vi på at Måløy Radioforretning skal finne tid og kompetanse. Opplegget har kostet ca. 33.000 kroner hittil. I tillegg kan vi få ei utgift på eit par tusen, maksimalt, i samband med innstilling av opptaksautomatikken. Vi har kjøpt to skilt med varsel om kameraovervåking. Dei må på plass når opptakene starter.

**Vedtak:** Varselskilt settast opp på bod B og slippboden.

## Sak 4: Tau mellom redningsstigene.

Det er montert redningsstiger ved endene av flytebryggene. A- og B-bryggene er så lange at det kan bli langt å symje dersom ein fell i vatnet midt på. Derfor vil styret montere tau under utriggarane heilt inntil hovebrygga slik at ein kan entre seg langs desse til ein av stigene.

**Vedtak:** Vi ber om tilbod frå Fiskevegn på 150 meter tjukt tau med sterk farge (rød eller orange). Tauet må ikkje vere glatt.

## Sak 5: Oljeholdig lensevatn i hamna

Det har vore nokre tilfelle av oljefilm i hamna. Medlemmane må minnast om at all form for ureining av hamna er forbode.

**Vedtak:** Vi tingar tre skilt hos ASVO Måløy med store bokstavar med teksten: ALL LENSING I HAMNA ER FORBODE

## Sak 6: Fleire båt plassar i hamna

Det er mange som står på venteliste for å få båt plass. Samstundes er det sjelden plassar blir til salgs. Styret drøfta om det kunne vere mogeleg å finne plass til småbåtar utanfor dei eigentlege båsane. Slike plassar kunne leigast ut eller seljast til redusert pris og vere belagt med klausul som galdt båtstorleiken.

**Vedtak:** Styret går på befaring i hamna for å vurdere om det skal fremjast sak til årsmøtet.

## Sak 7: Ekstra båt vogn på slippen til mindre båtar.

Slippen har breidde nok til å ha to båtar oppe samstundes. Ein ekstra vogn for båtar opp til ca. 20 fot/800 kg vil kunne bruke same vinsjen. Terje Edvardsen har ein vogn under arbeid som kanskje kunne høve.

**Vedtak:** Styret går på befaring og ser på vogna.

## Sak 8: Innbetaling av avgifter for bruk av slippen

Systemet fungerer ikkje optimalt. Nokre opptak blir ikkje registrert, og nokre betalar mindre enn dei skal.

**Vedtak:** Styret får laga førehandsutfylte giroer i kassa. Samstundes oppmoder vi om at det vert ført nøyaktig logg. På lengre sikt skal det vurderast om ein i staden skal sende ut giroar i posten på bakgrunn av loggføringa.

Møtet slutt.